

# Årsmelding 2018 - Vang frivilligsentral



## Innleiing

Sentralen held ope måndag, tysdag og onsdag frå 11:00 til 15:00 på Vangstunet. Marte Tangen er tilsett som dagleg leiar i 100% stilling.

Vang frivilligsentral har følgjande handlingsplan:

Hovudmål: Vere ein katalysator for frivillig verksemd i Vang

Visjon: Møte mellom menneske

Delmål 1: Vere ein sosial møteplass på tvers av alder, bakgrunn og interesser

Delmål 2: Vere ein støttespelar for frivillige lag og eksisterande aktivitetar i kommunen

Delmål 3: Auke det eksisterande tilbodet der det er behov

Delmål 4: Vere ein synleg og påliteleg aktør for heile bygda


## Kontakt

61 36 94 25 // 46 81 64 73

[www.vang.frivilligsentral.no](http://www.vang.frivilligsentral.no)

[frivilligsentralen@vang.kommune.no](mailto:frivilligsentralen@vang.kommune.no)

[www.facebook.com/vangfrivilligsentral](http://www.facebook.com/vangfrivilligsentral)



## **Styrearbeid og årsmøte**

Styret har hatt 3 styremøter, samt bidrege på julegåvedugnad og enkelte arrangement. For 2018 vart følgjande styre valt:

Ragni Almenning Havro (styreleiar)  
Erik Martinsen Dalåker  
Kari Hagaseth  
Hallgrim Rogn  
Gerd Marken  
Leif Hjalmar Søndrol  
Kedawi Meresie Sium  
Laila Otervik (vara)



Gerd, Kari, Leif Hjalmar, Ragni og Hallgrim

På årsmøte 7. mars 2018 vart nye vedtekter vedteken. Vedtekten plasserer alt det formelle ansvaret hos kommuneleiinga, og tydeleggjer styrets rolle som eit rådgjevande organ. Hovedutval for levekår er framleis årsmøte.

## **Økonomi**

Kommunen fikk 392 000,- frå staten for å ha frivilligsentral. Samla driftsregnskap: 791 998,-

## **Regional organisering**

Som nettverksleiar for Vest-Oppland nettverskgruppe har dagleg leiar hatt koordinerande ansvar for fire nettverkssamlingar, samt noko oppfølging av nye daglege leiarar i nettverket. Dagleg leiar satt også i år i valkomiteen for Norges frivilligsentraler, og jobba med å innstille nytt styre til landsmøte i 2018.

## **Frivillige**

Til saman har 42 frivillige vore i aktivitet i 2018. Dei har til saman utført på om lag 770 timer med frivillig arbeid for sentralen dette året. Av dei som har bidrege frivillige i 2018 er om lag 45 % kvinner og 55 % menn. Om lag 25 % er bebuarar på mottakssenteret. Andelen av dei som er i pensjonistalder har auka til 25 %, det er bra, men vi meiner det framleis er eit potensiale for å rekruttere fleire pensjonistar.

## **Tilbod, prosjekt og samarbeid**

Vi tilbyr ulike tenester der frivillige bidreg. I 2018 løyste vi 16 enkeltoppdrag, mellom anna ein del snømåking. Vi etablerte i løpet av året fleir faste oppdrag, prosjekt og samarbeid:

*Leksekubb* kvar tysdag, der 6 frivillige har rullert saman 2 og 2. 6-10 ungar deltok kvar veke.

*Leksehjelp for flyktningar på videregåande*, 2 frivillige rullerte på å hjelpe 2 elevar kvar torsdag.

*Middagskjengen* serverte for 3. året på rad middag på Utsikten på Vangsheimen kvar sundag. 5 frivillige deltok i 2018.

*Turven*, 1 frivillige har vore fast turven for 3. året på rad.

*Studiegruppe for køyreteori*, 1 frivillig hadde kurs 7 kveldar med 5-20 deltakarar pr gong.

## **Øvingskjøring**

5 frivillige kjørte til saman 37 turar med 8 elevar i 2018. Bilen vart kondemnert i juli, og heile hausthalvåret var vi utan bil. Ny bil vart kjøpt i desember og aktiviteten er i gang igjen frå 2019.

## *Sommarfritidsklubb*

Som dei siste åra hadde vi også i 2018 sommarfridisklubb, denne gongen 3 veker med 4 dagar pr veke. Klubbleiar er lønna via biblioteket. 5-15 ungar deltok kvar dag, frå 4 til 15 år.

## *Vinjerock*

Vi har bygd vidare på samarbeidet med Vinjerock gjennom ‘mangfaldsprosjektet’, med fokus på rekruttering av lokal ungdom, inkludering av funksjonshemma, og integrering av flyktnigar. 9 flyktingar og 6 ungdommar jobba frivillig på festivalen i 2018. Vi rekrutterte også ein rullestolbrukar som ‘speider’, som gav tilbakemeldingar på tilgjengelegheta på festivalen.

## *#VÅRTNABOLAG*

Saman med Oslo World, Vinjerock, mottaket og læringssenteret arrangerte vi eindagsfestivalen #VÅRTNABOLAG 8. september, for 3. året på rad. Grunna därleg vêr flytta vi arrangementet til Vangshallen, noko som fungerte godt, særskilt med tanke på ungane som fikk utfalde seg i klatreveggen og på turnmatta. Enda fleir publikummarar enn før fikk med seg både nasjonale og lokale artistar og mykje god mat, og det oppstod mange fine møter mellom menneske.

## *Fotballturnering*

Fotballturneringa på Tveit har blitt ein tradisjon, i samarbeid med mottaket, FK Vang og Innovasjon, men i år vart turneringa desverre avlyst i siste liten grunna därleg vêr.

## *Aktivitetsvenn*

Vang kommune har ei samarbeidsavtale med Nasjonalforeningen for folkehelse om tilbodet aktivitetsvenn. Målet er å bidra til at personar med demens kan oppleve ein meiningsfull kvardag med gode opplevingar. I april 2018 deltok 5 frivillige på kurs. Det har ikkje kome forespurnader som har ført til aktivitetsvenn-kontakt med demenspasientar.

## *Julegåvedugnad*

Innsamling av julegåver til ungane på mottaket og introduksjonssenteret har også blitt ein tradisjon, og vi opplevde rekordstor givarglede i befolkninga, og stor takksemt bland mottakarane.

## *Synlegheit*

Frivilligsentralen har eiga nettside, og facebookside med om lag 750 følgjarar pr 31.12.18. Vi publiserte 99 innlegg i 2018. Sentralen har også hatt pressemelding og annonse på trykk i avis Valdres ved dei aller fleste arrangementa, samt ei heilside i alle utgåvene av menighetsbladet. I januar var dagleg leiar på besøk på frivilligsentralen i Nord-Aurdal og delte sine erfaringar kring arbeidet med integrering. Frivilligsentralen deltok også på Innovangsjonsdagen 3. februar.

## *Utstyrssentral*

I tråd med handlingsplanen har vi jobba med å utgreie ein utstyrssentral i Vang. Mange er interessert både i å bidra og i bruk, og vi har kartlagt mange ulike alternativ. Vi har opprettet ei arbeidsgruppe med representant frå frivilligsentralen, Lund arbeidsbase, mottaket og læringssenteret. Arbeidet for ein konkret plan held fram i 2019.

## *Frivilligmelding*

Vi hadde eit godt dialogmøte med frivillig sektor i september, og la grunnlaget for vidare samhandling mellom frivillige lag, frivilligsentralen og kommuneadministrasjonen. Det kom ikkje fram ønskjer om å jobbe vidare med ei frivilligmelding.

## Vårprogrammet i samarbeid med biblioteket

		Besøk
S u n d a g 4/2 kl 19	<i>Den klassiske gitarens dag</i> Konsert med Trond Davidsen, Oddbjørn Skeie og elevar frå Vang kulturskule	65
S u n d a g 11/2 kl 19	<i>Mord på Valdresbanen</i> Forfattar Christian Schlüter presenterer boka si. Samarbeid med Vang mållag	30
O n s d a g 14/2 kl 19	<i>Valdresgutter i Tysklandsbrigaden</i> - Ein kveld med Kristian Bergsund og Bjørn Stendebakken. Samarbeid med Vang historielag	20
O n s d a g 21/2 kl 13	<i>Morsmålsdagen</i> Konsert med Aissa Tobi	70
O n s d a g 7/3 kl 19	<i>Reparasjonsverkstad</i> Reparer turklede med Marit og Randi Ødegården. Del av 'Vinjerock heile året'	15
L a u r d a g 17/3 kl 15	<i>Nynorsk lesefest for born</i> Vi feirar samlaget sitt 150 årsjubileum med barnebokforfattar Randi Fuglehaug	10
L a u r d a g 24/3 kl 14	<i>Kreativ med garn</i> Opning av utstilling - Vangsdamer presenterer sine strikke- og hekleprosjekt	35
3, 10, 17/4 kl 19	<i>Heklekurs</i> - med Mariann Svingen	10
5, 12, 19/4 kl 19	<i>Strikkekurs</i> - med Marit Gjærdingen	5
11, 18/4 kl 19	<i>Aktivitetsvenkurs</i> - bli frivillig aktivitetsven for personar med demens!	5
F r e d a g 20/4 12.30	<i>Bokleik</i> For alle 6-åringar/skulestartarar	
O n s d a g 25/4 kl 19	<i>Bokbad</i> Kjartan Fløgstad kjem og samtaler med Kirsti Baggethun	35
O n s d a g 2/5 kl 18	<i>Sykkelmekkekveld</i> Frivillige hjelper deg å få sykkelen i stand for våren	20
Fredag 1/6	<i>Oppstart sommarles</i> - lesekampanje for born	
T o r s d a g 14/6 kl 12	<i>Fleirkulturell vårfest</i> Mat frå heile verda. Samarbeid med Vang mottakssenter og Vang læringscenter	80
L a u r d a g 23/6 kl 14	<i>Opning av sommarutstilling</i> Fotograf: Sven Richard Møller	30

## FASTE AKTIVITETAR

Laurdagar kl 15	Forteljarstund for born
Datoar kjem	Lesesirkel - sjå valdresbiblioteka.no for meir info

Til saman deltok om lag 430 på vårens arrangement.



Den klassiske gitarens dag



Morsmålsdagen



Reparasjonsverkstad



Aktivitetsvenkurs



Sykkelmekkekveld



Fleirkulturell vårfest

## Haustprogrammet i samarbeid med biblioteket

		Besøk
Laurdag 1/9 kl 12	<i>Virrrvarrr med Klovnene Knut</i> Avslutning av Sommarles 2018, med tryll og tøys. Passer for alle fra 3 år. Valdres Sparebank deler ut hovudpremien fra årets sommarleskonkurranse.	<b>70</b>
10/9 - 6/10	<i>Eventyrutstilling: H.C. Andersen på mange språk</i>	
Onsdag 12/9 kl 19.30	<i>SAUNA</i> - Badstovetradisjonar i Vang før og no, med Sigfred Hovda og Hallgrim Børhus Rogn. Finsk-svenske saunahistorier fra Tornedalen med Emma Børhus Törmä. Kvelden blir avslutta i badstova ved Vangsmjøsa.	<b>20</b>
Tysdag 18/9 kl 19	<i>Fri, villig og heit</i> Korleis er stoda for frivilligheita i Vang, og kva skal til for å betre vekstvilkåra?	<b>30</b>
Onsdagar 19/9-31/10 kl 19	<i>Studiegruppe: køyreteori</i> Jon Heimlid underviser/hjelper dei som les til teoriprøva	<b>13-30</b>
Laurdag 29/9 kl 13	<i>Handarbeidsverkstad</i> Samarbeid med Vang husflidslag	<b>10</b>
veke 40	<i>Haustferiefritidsklubb</i> med legoverkstad, dokketeater, eventyrstund mm.	<b>90</b>
Måndag 8/10 kl 18	<i>Kurs i forteljarkunst</i> med Marit Anmarkrud. For alle som ønskjer å fortelje gode historier.	<b>20</b>
Torsdag 25/10 kl 19	<i>Kven skal eige jorda?</i> Debatt om jordbruket i Valdres, leia av Hilde Lysengen Havro	<b>100</b>
Laurdag 27/10 kl 13	<i>Haustutstillinga 2018</i> Opning av utstilling. Kunstar: Monica Winther	<b>50</b>
Laurdag 10/11 kl 13	<i>Handarbeidsverkstad</i> Samarbeid med Vang husflidslag	<b>20</b>
Onsdag 14/11 kl 19	<i>Med skogen og fjellet som leikeplass</i> Mads Andre 'Makken' Haugen viser film og fortel frå livet på terrengsykkelen	<b>100</b>
Onsdag 21/11 kl 19	<i>Dialektkveld</i> med mellom andre Boye Wangensteen. Samarbeid med Vang mållag	<b>100</b>
Onsdag 5/12 kl 19	<i>Bokkveld</i> med utdeling av positivprisen	<b>120</b>
Fredag 7/12 kl 12	<i>Fleirkulturell julelunch</i> Samarbeid med Vang mottakssenter og Vang læringsenter	<b>100</b>
Datoar kjem	<i>Lesesirkel</i>	

Til saman deltok om lag 850 på haustens arrangement.



SAUNA



Fri, viktig og heit



Studiegruppe: køyreteori



Kurs i forteljarkunst



Makken



Fleirkulturell julelunch

# Takk til alle frivillige som stiller opp, utan dykk er vi ingen ting!

